



## RETNINGSLINER FOR BRUK AV MUSIKKBINGEN

### 1. Rutinar når de kjem til musikkbingen:

- Døra skal vere låst når alle som tiløyrer bandet/gruppa er på plass.
- Se over at alt utstyr er tilstede, sjekk med inventarlista.
- Dersom det er noko som manglar, gi beskjed til Servicetorget (tlf.7019100) neste dag.

### 2. Rutinar når de går frå musikkbingen:

- Sette utstyret på plass.
- Rydde
- Alle lys skal vere av og døra låst, hugs å lukke innedøra.

### 3. Viktig:

- Det er ikkje lov til å røyke i øvingslokalet.
- Det er berre øvingsgruppa som kan vere tilstade i bingen. Besøkande har ikkje tilgang
- Det er ikkje lov til å nytte eller ta med seg alkohol/rusmidlar.
- Dersom ei gruppe eller band ønskjer å bytte øvingstid med et anna band, skal Servicetorget ha beskjed først.
- Om det blir forandring i gruppa/bandet si samansetning skal kontrakten forandrast i forhold til ny samansetning.
- Utstyr som står i lokalet er til fri disposisjon om ikkje anna beskjed er gitt.
- Utstyr og bingen skal behandlast med omtanke.

### 4. Fordeling av øvingstid

Fordeling av øvingstid skjer ein gong i året.

Bingen er stengt i juli og på raude dagar.

Det må søkjast på særskilt skjema, kontakt Servicetorget eller last ned på [www.sula.kommune.no](http://www.sula.kommune.no)

### 5. Kontrakt

Når øvingstidene er fordelt blir det underskrive kontrakt mellom kommunen og ein ansvarleg for gruppa.

Kontraktskrivar skal være over 18 år. Dersom alle i gruppa er under 18 år skal ein føresatt/foreldre av gruppas medlemmer også skrive under kontrakten.

### 6. Ansvarsforhold

Band/gruppe/enkeltpersonar som øver er ansvarlig for at retningsliner blir overheldt.

Dersom reglane ikkje blir overheldt vil vedkomande verte utestengt frå øvingslokalet for kortare eller lengre tidsrom.

Tapt nøkkelen skal erstattast med kr 250,- av den som har kvittert ut nøkkelen. For dei under 18 år, er føresette/foreldre erstatningsansvarlig.

Eventuelt misbruk skal meldast Servicekontoret med det første.